

REGULERINGSPLAN GANGVEG KRUSHAMMAREN - MELDING OM GODKJEND PLAN

I medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 ledd 4 har Ulstein kommunestyre i møte 21.01.2010, sak 10/12 godkjend reguleringsplan for:

Gangveg Krushammaren

Planområdet femner i hovudsak om trase langs Sjøgata, frå krysset Fv 25 – Sjøgata til krysset Osnesvegen - Sjøgata i Ulstein kommune. Reguleringsplanen syner utvida trase av eksisterande Sjøgata med reguleringsformåla frittliggjande bustad, industri, veg, anna vegareal, gang- og sykkelveg, kollektivanlegg og frisiktsone.

Plandokumenta er utlagt til gjennomsyn i Informasjonen i Ulstein rådhus og på kommunen si heimeside, www.ulstein.kommune.no, under kunngjeringar.

Kommunestyret sitt vedtak kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal som klageinstans, jf pbl §§ 1-9 og 15 og Forvaltningslova kap. VI. Mogleg klage skal vere grunngeven og sendast til Ulstein kommune v/teknisk utval, Postboks 143, 6067 Ulsteinvik, eller postmottak@ulstein.kommune.no **seinast innan 15.03.2010**.

Godkjend reguleringsplan er bindande innanfor planområdet for alle arbeid og tiltak som er nemnde i pbl §§ 81, 84, 86a, 86b og 93. Det same gjeld frådelling og annan bruk som kan gjere gjennomføring av planen vanskeleg.

Krav om erstatning etter pbl § 32, eller innløyising etter § 42, må vere sett fram seinast tre år etter denne kunngjeringa, eller seinast tre år etter at eventuelle byggverk er fjerna. Krav om innløyising eller erstatning skal rettast til kommunen.